

Klart for kvit bil

Frå måndag rullar ein ny type sjukebil på vegane i området vårt. På den kvite bilen er ordet «SJUKETRANSPORT» malt i store bokstavar på sidene og i fronten.

– Dette vil vere ein styrke for beredskapen vår, seier Trude Njøsén Helgås, avdelingssjef for Pasientreiser.

Den kvite bilen er den første i sitt slag i Helse Førde. I den skal vi transportere pasientar som er for sjuke til å ta drosje, men for friske til å bli sende med ambulanse. Frå sjukehus til eigen bustad, omsorgsbustad eller sjukeheim i pasientens heimkommune. Eller omvendt, frå bustad eller institusjon til sjukehus for undersøkingar eller innlegging.

Som ved ambulanseoppdrag, er det AMK som skal styre oppdraga for den kvite bilen. Utkallinga av kvit bil skjer i prinsippet på same måte som når ambulansar skal ut på oppdrag. Pasientreiser organiserer drifta av bilen.

- Vår oppgåve er å køyre pasientar som må ligge. Dei treng ikkje medisinsk behandling på turen, men vil ha behov for tilsyn.

Dette er pasientar som tidlegare har blitt transporterte med ambulanse. Når desse no kan ta turen i den kvite bilen, er det i arbeidet med ny prehospital plan rekna på at det vil redusere belastninga på ambulansetenesta med i gjennomsnitt 1,5 oppdrag kvar vekedag.

- Ved å frigjere ambulansetenestar for denne type oppdrag, betrar vi beredskapen. Men det føreset at avdelingane blir flinke til å nytte den kvite bilen når det er råd, seier Njøsén Helgås.

Inni liknar den kvite bilen mykje godt på ein ambulanse. Den har båreseng og sete som går an å slå ned om det skulle vere behov, men manglar mykje av det avanserte medisinske utstyret i ein ambulanse. Så er det også ein gul ambulansebil som er ombygd og kvitlakkert.

Det skal alltid vere to med når den kvite bilen er på oppdrag. Denne veka har fem tilsette fått opplæring, ein sjetta startar seinare i vår. Ein av dei seks skal vere fast på bilen, dei andre skal gå i ein turnus. Bilen skal berre brukast på dagtid måndag til fredag, og Trude Njøsén Helgås ser føre seg at dei skal bruke bilen over heile Helse Førde-området.

Fleire større føretak har innført slike kvite sjuketransportbilar dei siste åra.

- Fleire helseføretak har utvida med fleire bilar. Vi startar med ein no, så får vi sjå om behovet er der for fleire.

Er du i tvil om korleis bilen skal brukast, her er eit utdrag frå retningslinja:

Pasientgrupper tiltenkt sjuketransport

- *Heimkøyring frå primærhelsetenesta eller spesialisthelsetenesta til eigen bolig eller institusjon (sjukeheim, KAD, omsorgsbolig) utan behov for medisinsk observasjon og behandlingstiltak under transportetappen.*
- *«Heimesurstoff» blir akseptert då dette er pasientstyrt behandling utan krav til overvaking av helsepersonell*
- *Pasientar som skal til planlagt poliklinisk time/legetime/innleggelse eller røntgenundersøking frå bustad eller institusjon (sjukeheim, KAD, omsorgsbolig)*
 - *Pasienten skal ikkje trenge medisinsk overvaking og/ eller behandling*

- *Ingen tidsbegrensning i transportavstand*